



Arne Benoni er ein av våre fremste country-artistar. Her er han i Dønhaugkjedlaren 17. mai i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fredag 31. oktober blir det gjenhøyr med country-artisten Arne Benoni i Dønhaugkjedlaren. Han vitja sist Dønhaug 17. mai i år og samla då fullt hus. Gjestene fekk oppleva ein stor countrykveld, men så er da også Benoni ein av dei fremste i Noreg innan denne sjangeren. Blir det eit nytt fullt hus i Uskedalen?

Han har heile 16 plateutgjevsar bak seg og hans siste CD – "I'm coming home" kom ut no i februar. Her har han ingen ringare enn ei av USA's fremste kvinnelege artistar, Lynn Anderson, med seg på tre av spora. (Dama bak låten "Rose Garden"). Desse to artistane har gjort mange konsertar i lag dette året både i Norge, Sverige og Danmark.

Arne Benoni er einaste norske country-artisten som har oppnådd listing i den amerikanske "musikkbibelen" Billboard's "Hot 100 Country Singles" med "Southern Lady" og "If I live to be a hundred".

Benoni har ei mjuk barytonrøyst, og mange vil nok straks tenkja på hans store helt og førebilete, Jim Reeves. Med seg i Dønhaugkjedlaren denne kvelden har han med seg ein ekstra musikarar på tangentar.

Likar du country, er dette noko du bør få med deg.

Av Magne Huglen



Arne Benoni – samlar han fullt hus ein gong til i Dønhaugkjedlaren? (Foto: Ola Matti Mathisen)